Oppland Sau og Geit

Referat frå styremøte, 13/10 2021, kl. 19.30 - 22.30 på Teams

Desse møtte: Knut Evensen, Ola Hareland, Jonny Mathisen, Frode Rudland, Anne Terningen, Kjell Gudmund Svien og Pål Kjorstad
Forfall: Gro Arneng og Marte Stine Skålenget

Sak 71/2021: Referatsaker

- Styremøte på Rudshøgda 22/09 2021, referat kjem seinare
- Klagebrev sendt til NSG 24/9 om vedtaket rundt sauemidd i forhold til kåring og ringmedlemskap
- Sindre Myhrsveen frå Fåvang tok 2. plassen i klippe NM i Bjerkrheim 27/09
- Møte m/hytteforeiniggar i Ringebu 5/10, Knut Evensen møtte
- Oppfølging av klagebrev til NSG den 06/10, der vi bad om snarleg svar
- Møte i beite og hytteprosjektet 07/10 i Oslo, Jonny og Pål møtte
- Kronikk i GD 08/10 av Knut Evensen

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til orientering
- Vi fekk svar på klaga i dag 13/10, der styret i NSG skriv at dei står for vedtaket dei har gjort. Styret i OSG bestemte seg for svara dette til NSG, svaret vart sendt 14/10 2021:

«Takk for svar!
Styret i OSG hadde styremøte på Teams i går kveld og saka vart diskutert på ny. Styret tek avgjerda til etterretning, men bestemte einstemt å gje dette svaret til NSG v/Slemmen og Wallin:
Styret i OSG er svært skuffa over vedtaket, og ikkje minst skuffa over å få svar med 2 setningar utan å gje svar på spørsmåla i brevet og utfordringane vedtaket førte til. Da NSG gjer eit slik vedtak og ikkje tek innover seg eit ord av momenta i brevet vårt skjønar vi at NSG sit på meire kunnskap om dette som ikkje vi veit. Kvifor får ikkje OSG eit grunngjeve svar? Vi ba i utgangspunktet om meire info om grunnen til vedtaket ***for å kunne svara dei råka medlemmane våre****, men dette har ikkje kome!»*

Sak 72/2021: NSG-saker

- Nye livdyrprisar, grunnpris på kåra lam av rasane NKS, Kvit spælsau, Farga spælsau og sjeviot på kr. 3300,- m/O-indekstillegg på kr. 50,- per poeng over 115 og gentest-tillegg på kr. 300,- per lam
- Grunnpris på avkomsgranska verar kr. 4200,- m/O-indekstillegg på kr. 200,- per poeng over 115 og seminver-tillegg på kr. 4500,-
- Grunnpris søyelam kr. 2600,- m/O-indekstillegg på kr. 25,- per poeng over 115
- Grunnpris vaksne søyer frå kr. 2500,- til 3000,- m/O-indekstillegg på kr. 25,- per poeng over 115
- Representantskapsmøte i NSG skal haldast m/fysisk møte 19. og 20/10 2021. Knut deltek og Pål er invitert som gjest

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til orientering

Postadresse:
Oppland Sau og Geit
v/Pål Kjorstad, Moarusta 13
2647 Sør-Fron

Telefon:
99034406
E-post:
pkjorstad@outlook.com

Bankkonto:
2095.19.84249
Heimeside:
http://www.nsg.no/Oppland/

Sak 73/2021: Saker frå førre styremøte

- Møte med Opplandsbenken etter valet, Jonny har ansvaret for dette
- Opplæring tillitsvalde, Knut og Pål har ansvaret for dette

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til orientering. Jonny har teke kontakt med Rune Støstad frå AP og Støstad varslar vidare da Opplands-benken er klar til møtet
- Opplæring tillitsvalde skal vera gjort i fyrste halvdel av november

Sak 74/2021: Utmarkssaker

- Møte med Landbruksdirektoratet på Kvamsfjellet 15/10, Jonny deltek
- Digitalt beiteseminar 28/10, fleire deltek, Pål deltek m/foredrag
- Sluttseminar i prosjektet Futgraze (Mot ei framtid for utmarksbeite) på Lillehammer 24/11, Jonny har meldt seg på
- Tjuvslakting av lam. Det vart rett før møtet varsla om at restar av eit tjuvslakta lam vart funne ved ei seter på Vestkjølen på Sør-Fron. Saka er meldt til politiet og vi ber om at andre som eventuelt oppdagar noko liknande varslar frå

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til orientering

Sak 75/2021: Geitesaker

- Geitesaker i forhold til vedtaket i NSG angåande sauemidden
- Saka utsett, da Gro hadde forfall

Sak 76/2021: Avlssaker sau

- Gjennomføring og evaluering av kåringa 2021. Kåringa i Valdres vart i år delt mellom ringbuskapar og bruksbuskapar, meire om dette evaluerast sikkert seinare i Ring 41
- Avlssaker i forhold til vedtaket i NSG angåande sauemidden. Ingen nye ting er å melda, men 1 medlem av Ring 41/avd. 42 er etter vedtaket over i NSG ekskludert grunna geitehald i besetningen
- Resultat av sløyfekåringa rundt om i Oppland
- Værsalg, Ring 41 v/Peder Leirdal har sendt liste over salet i avdelingane pr. 06/10:

Avd Avd. 42 Fron 11 stk.
Avd. 44 Øye 4 stk.
Avd. 45 Fåvang Spæl, tomt
Avd. 46 Fåberg/ Gausdal, tomt
Avd. 47 Øyer 3 stk.
Avd. 48 Fåvang 4 stk.
Avd. 50 Sør-Fron ca. 9 stk.
Avd. 52 Nord Fron 9 stk.
Avd. 55 Nord Valdres max 2 stk.
Avd. 56 Vågå, tomt
Avd. 57 Toten, tomt
Avd. 59 Lesja 6-7 stk.

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til orientering. Sløyfekåringsresultat skal sendast inn til OSG

Sak 77/2021: Rovdyrsaker

- Mange fortvila beitebrukarar i jervutsette områder i Gudbrandsdalen/Ottadalen manglar fleire titals lam og opp mot 100-130 lam for enkelte
- Styret har sjølv prata om og vorte fortalt at dei nå må vedta ein stor sum til juridisk utredning om kva vi skal gå til sak mot/om og når. Styret er i tvil om dette skal gjelda søksmål om erstatning for å ikkje få brukt beiteretten, søksmål mot manglande eller feil forvaltning som går på å rett og slett å få bruka beiteretten, søksmål mot feil forvaltning av bestandsmålet for jerv i region 3 og om saka eller sakene kan ha eller må ha utspring i enkeltsaker. Styret lurer òg på om kven som skal/bør vera med? Bør vi spørja fleire fylkeslag? Skal vi spørja NSG? Skal vi nemna det på representantskapsmøte? Skal vi spørja faglaga i Oppland?
- Sak frå ordførar på Sør-Fron: Pål har prata ved Ole T. Muriteigen 04/10. Han var interessert i eit møte rundt jervproblematikken, i fyrste omgang lokalt i Midtdalen, og visjon om å ta det vidare på høgste nivå mot ei løysning med SNO-uttak av restkvota sist i lisensfellingsperioda.
  Pål har råda han til å ha eit ope møte for beitenæringa for at dei skadelidne/beitebrukarar på austsida i kommunane våre både kan sjå at det skal arbeidas med og for at fleire kan koma med forslag til løysingar.
  Pål har i den omgang meldt inn at representant frå OSG kan sleppa til med forslag til korleis dette kan betras før ordet er fritt på møte.
  Vi har eit kjempeproblem med dårleg uttak av jervkvota, truleg det historisk dårlegaste til nå, beitebrukarar får så store tap at historia m/Mattilsynet og beitenekt kan koma att slik som for omlag 10 år sidan, beitebrukarar gir opp, generasjonsskifte vert slutten for husdyrhaldet på fleire gardar. Årsaker som at det er langt til jerven, det er i nasjonalparkar, lisensperioda må kunne brukast slik at SNO tek ut restkvota på slutten, bruka pengar meire effektivt og upopulært emne som tidleg nedsanking må nemnast og snakkas ut om.
  Pål har tenkt at i tillegg til at det er ope møte for beitebrukarar må representantar frå beitelaga, jervprosjektet, rovviltnemnda, kommuner m/kommunalt jaktlag, nasjonalparkstyrer, faglag, rovviltkontakter og SNO kanskje skal inviteras

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til orientering. Styret vedtok å stilla med inntil kr. 50.000 til utredning om korleis vi skal angripa saka omkring forvaltning av jerv, og fortsatt å kunne ha moglegheit til å bruka beiteretten vår. Vi må i fyrste omgang spørja ein advokat til råds korleis vi kan eller skal gå fram. Styret vil òg søke NSG om kr. 50.000 i støtte til saka. Oppland Sau og Geit skal ha eigarskap til saka.
- Møtet på Sør-Fron: I tillegg til dei føreslegne må kommunane i Ottadalen og Norddalen inviteras med 2 representantar frå kvar kommune

Sak 78/2021: Gjetarhundsaker

- Ingenting nytt. Vi må rapportere på FKT-søknaden

Vedtak i saka:

Pål fekk ansvar for å rapportera det som er gjort i forhold til FKT-søknaden

Sak 79/2021: Oppland Radiobjøllelag

- Fakturaer på overforbruk Findmy er sendt, fleire har reagert negativt på dette, men etter vedtaket på førre styremøte må kvar og ein stå for sitt eige overforbruk
- Møte m/Telespor på Teams er under planlegging og vert halde 21. eller 22/10
- Møte m/Sidsel Røhnebæk om spørreundersøkelse ikring elektronisk overvaking 13/10. Pål har laga elektronisk spørreskjema på OSG-sida som skal publiserast måndag 18/10. Statsforvaltaren skal senda spørjeskjema ut til alle beitelagsleiarane i Innlandet og HSG og OSG skal senda kopi av denne e-posten til alle lokallagsleiarane i Sau og Geit for at så mange som råd er av beitelaga skal svara

Vedtak i saka:
Styret tok informasjonen til orientering

Sak 80/2021: Høring om hundehold

- Høringsdokument utsendt frå NSG m/svarfrist 15/10:

Utkastet vektlegger mest hundens dyrevelferd og forholdet til eier. Hunden som skadevolder og eiers ansvar for denne, omgås omtrent like dårlig som i dagens lovverk. Husdyreiere som får drept eller skadd sau vil fortsatt stå nesten helt uten rettsvern for å inndrive sine tap. Lovutkastet foreslår også begrensinger til kommunens rette til å innføre båndtvang fra 20. august til beiteslutt. NSGs undersøkelser viser at mange skader på sau skjer akkurat i det område LMD nå foreslår å liberalisere. Slik sett kan velferden for småfe svekkes alvorlig med forslaget til lovteksten.
Foreløpige observasjoner

- *Forslag til kommunale regler for båndtvang etter 20. august avhenger om det er beiterett (uklart i forhold til streifebeite, og sedvane m.m.)*
- *Endrete regler og tydeliggjøring for å oppta hund i beitefelt*
- *Tydeliggjøring av krav for avliving av hund som gjør skade*
- *Endrete regler for hund som angriper bufe der bufe ikke har rett til å være*

Vi ber om at fylkeslagene leser igjennom utkastet og gir tilbakemelding innen 15. oktober. Dvs. at innspill kan tas opp på representantskapsmøtet. Dette er en svært viktig lov som vil påvirke rammevilkårene for beitebruk som næring.

Vedtak i saka:
Styret ga utrykk for §ar og moment som skulle vera med i høyringsinnspelet frå Oppland Sau og Geit. Pål fekk ansvaret for sluttproduktet, som skulle godkjennas før innsending seinast fredag 15/10.
Høyringssvaret er vedlagt under referatet

Sak 81/2021: Eventuelt

- Pilotprosjekt «Sau i skole» i NSG, Knut Evensen er utplukka saman med Marthe Lang-Ree, Stian Espedal og Anne Kari Snefjellå til å vera med.

Sør-Fron, 13/10 2021, Pål Kjorstad, sekretær

<u>Høringssvar om hundeloven fra Oppland Sau og Geit</u>

Oppland Sau og Geit hadde styremøte 13/10-2021 og vedtok dette høringsbrevet til NSG:

Innledning: Hundeloven er svært viktig for beitebrukere, og selvsagt mest for småfe på beite, dette være seg både innmarks- og utmarksbeite. Vi har vel ikke hatt noen vesentlige problemer med dagens gjeldende lov. De største problemer vi har er uvitende hundeførere, uansvarlige hundeførere, oppfølgingen av hundeloven fra ansvarlig hold som er politiet og bevisbyrden eller dokumentasjonen som kreves av oss for å komme problemet til livs. Det er også en vanskelig balansegang hvordan man skal reagere i ulike tilfeller. Derfor har Oppland Sau og Geit arbeidd mye med dette med hundeskader i den senere tid, og er en av initiativtagerne til hundeskadeskjema, erstatningsskjema for hundeskader og hadde senest et innledende møte med andre parter, bl.a. politiet Innlandet, om utfordringene, der NSG var invitert og deltok.
I utgangspunktet er Oppland Sau og Geit generelt skeptiske til nye ordlyder og liberalisering av lovteksten, som i flere tilfeller ser søkt ut. Hunder, med unntak av tjeneste- og brukshunder, er vel i de aller fleste tilfeller ikke aktuelle å slippe løs uten fullstendig kontroll av fører.

§1 og §2: Vi synes at § 1 og §2 viser hvor listen skal være lagt, men vi kunne under §2 tenkt oss at punkt e.5 i tillegg til utmattelse burde innehold «sprenging». Det vil vise alvoret med at flere blir sprengt, og dermed dør uten noen ytre skader.

§3: Vi tenkte litt på ordet kompetanse i §3 a i forhold til all uvitenhet som råder blant hundeeiere/førere, og vurderte ordet kompetansebevis. Men ut fra praktisk erfaring om dette i husdyrhold var vi redd at det slo tilbake til oss selv med gjeterhunden, og at alle måtte ha et kompetansebevis som ikke var noe annet enn papir og utgifter for alle.

§4: Her er det i endringsforslaget tatt inn igjen presisering om bl.a. «husdyr» i vilkår for å la hund være løs utenfor båndtvangtiden. Setningen: «*Hunder kan bare være løse under tilsyn og kontroll som i størst mulig grad forebygger og forhindrer skader eller ulemper for mennesker, husdyr, vilt eller eiendom».* Dette bør dekke, men det er klart at flere vendinger i hundeloven om at hunder generelt kan være løse når.... ikke alltid gjør det lettere for oss.

§5: *«Hundeholderen skal ikke gå fra en bundet hund rett ved inngangen til en bygning som er åpen for allmennheten eller ved lekeplasser. Hundeholderen skal sørge for at det er tilstrekkelig avstand til å unngå utilsiktet kontakt med mennesker og dyr når disse passerer hunden».* Her mener vi at loven er på ville veier. En bundet hund burde vært dobbelt sikret for at mennesker(barn) og dyr ikke kan komme i kontakt med den hverken i bånd eller om den løser seg. Vi har eksempler på at hund i bånd ved hytte og hund i bånd i løpestreng ved hytte har drept sau.

§6: Om båndtvang. Denne §en er det skrevet mye om i høringen, da de egentlig vil definere flere områder som ikke skal berøres av båndtvang. De hører på massen, men glemmer beitedyra og ikke minst viltet og reira. Vi vil ikke at §en skal endres, og i alternativene vil det ikke hjelpe beitenæringa at regionale myndigheter skal overprøve eller godkjenne lokale vedtak om utvida båndtvang. På den andre side er det i denne §en opplagt til juridisk kamp for å få det slik de egentlig vil det. I denne §en må NSG jobbe frem en skikkelig god

argumentasjon for å beholde lokal selvråderett i kommunene, selv om kampen flere steder også kan være hard lokal i de sammenslåtte storkommune med stort flertall av urbane interesser.

§7: Denne er som før og grei etter vårt syn

§8: *«Særlig om hundedressur, jakt og fangst. Organisert jakthundtrening, jakthundprøver og dressur kan bare foregå med samtykke av grunneieren eller den som har en allmenn bruksrett til eiendommen. For statsallmenningene gis samtykke av fjellstyret».*

Vi er ikke helt fortrolige hva det menes med «allmenn bruksrett», men mener at det bør endres til «.....allmenn bruksrett, herunder beiterett, på eiendommen.» Dette kan være viktig å ha med i teksten når §9 bokstav g skal vurderes av diverse styrer, som ikke er oppdatert på eller opptatt av beitenæringa.

§9: «*Båndtvang fastsatt i eller i medhold av §§ 4, 6 og 7 gjelder ikke for*

1. *hund når den brukes i reindrift,*
2. *dressert bufehund når den brukes til å vokte storfe, sau eller geit,»*

Vi ser her at verbet «vokte» er brukt både i gammel og ny tekst under punkt 2. Vi synes dette ikke dekker det vi gjør og foreslår setning 2 endret til: «dressert bufehund når den brukes i arbeid med storfe, sau eller geit,»

§10: Her er lov om dyrevelferd §3 tatt inn, og man sørger da for at om vi skal beskytte beitedyr m.m. mot en løs hund, er hunden sikret mot at vi kan bruke aktuelle virkemidler til å fange den. Vi har ikke et godt svar på hvordan dette skal løses, da dyrevelferd selvsagt står høyt i alle dyrehold. Merk at dette er i jakttiden, og hva er egentlig jakttiden definert som? Det er vel nokså sikkert at dette i noen uker henger sammen med beitetiden.

§11: Denne er som før og grei etter vårt syn

§12: OK

§ 13: Her åpnes det for å komme med et krav om obligatorisk ID-merking i forskrift, og dette er vel ok for oss, da den tiden kommer.

§14: Under bokstav a i linje 6 til 7 står det: *«Når en hund jager eller angriper tamrein eller husdyr som beiter lovlig, ...».*

Kan en hvilken som helst hund bare jage og angripe husdyr som beiter ulovlig? Hva er egentlig definisjonen på å beite ulovlig i denne loven? Vi foreslår at ordet «lovlig» strykes.

Lenger nede i samme tekst står det: *«Denne bestemmelsen kan ikke påberopes når det dyret som blir jaget eller angrepet, urettmessig er kommet inn på eiendom som hundeholderen disponerer.»* Har ikke hundeholderen som alle andre ansvar for gjerde på sin eiendom? Vi foreslår at NSG tar dette med seg å vurdere om det skal reageres på.

§15: Her er det en forandring i siste setning med strek under: «*Dersom det ikke lar seg gjøre å oppta hunden eller få politiet til stedet så raskt som situasjonen krever, kan vedkommende avlive hunden på stedet bare dersom § 14 tredje ledd bokstav b er oppfylt.*»

Her må også NSG sjekke hva dette utgjør. Her er det rotete oppsett, og vi ser at §14 inneholder bare bokstav a og at det langt nede i § står at bokstav d oppheves. Lenger oppe i resonnementet står likevel at bokstav c foreslås videreført, og så står det enda lenger oppe at: *«I bestemmelsens tredje ledd bokstav b foreslår departementet å samle alt som gjelder jaging og angrep av tamrein, husdyr og andre hunder. Det foreslås derfor å legge til «[d]et samme gjelder hvis hunden har voldt betydelig skade på tamrein, husdyr eller hunder, og den fortsatt utgjør en klar fare» som andre setning under bokstav b.»*

Så da må man tru at dette på et vis ordner seg, men her er det kanskje gjemt noe for juristene?

§16: Denne er som før og grei etter vårt syn.

§17 og §18: Her går det på alvorlige tilfeller, og her ser det ut til at vi ikke har noe å frykte, da det står menneskeliv i fare må man tru at beitedyra er sikre også.

Resten av §ene har vi ingen merknader til da de omhandler saker vi ikke føler vi har så mye med.

Lykke til med det videre arbeidet med høringa!

Oppland, 15/10 2021

For Oppland Sau og Geit

Knut Evensen (sign)
Pål Kjorstad, sekretær